

# Referat, Årsmøtet i Studieforbundet 28 mai 2020.

Møtet blei arrangert på den digitale plattformen zoom.

## Sak 1 Opning og konstituering

### a) Godkjenning av innkalling og sakliste

Samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

### b) Val av møteleiar, referent, teljekorps og protokollunderskrivarar

Samrøystes vedtak:

Møteleiar	Eli Ulvestad
Referent	Björg Schultz
Teljekorps	Kontoret

Desse vart valt til å skrive under protokollen: Torbjørn Bergwitz Lauen og Randi A. Grønbakken

Generalsekretær Rune Foshaug helste årsmøtet på vegne av Voksenopplæringsforbundet.

## Sak 2 Årsmelding 2019

Saka vart presentert av styreleiar Eli Ulvestad.

Desse hadde ordet: Marit Jacobsen, Jorunn Henriksen og Kjærsti Gangsø

Samrøystes vedtak:

Årsmelding 2019 vart godkjent.

## Sak 3 Rekneskap 2019

Saka vart presentert av styremedlem Anne Lise Olsen.

Samrøystes vedtak:

Rekneskap 2019 med eit overskott på kr 79.693,- er godkjent. Overskottet blir lagt til eigenkapitalen.

## Sak 4 Medlemsskap

Saka vart presentert av styremedlem Kai Roger Vatne.

Desse hadde ordet: Trond Enger, Irene Nordhaug Hansen og Kjærsti Gangsø

Samrøystes vedtak:

- 1) Human- Etisk Forbund (HEF) blir medlem i Studieforbundet kultur og tradisjon frå 01.01.2021 så sant landsstyret deira godkjenner søknaden. Om gjeldande overgangsordning mellom studieforbund blir ståande vil Human-Etisk Forbund sitt tilskot bli redusert fram til organisasjonen har full opptening.
- 2) Nettverket for regionale teaterråd (NRT) blir medlemsorganisasjon frå 01.01.2021
- 3) Norsk Målungdom misser medlemskap i Studieforbundet frå 28.05.2020.

## Sak 5 Strategi- og verksemdsplan

Saka vart presentert av nestleiar Solveig Torgersen Grinder.

Samrøystes vedtak:

Gjeldande Strategi- og verksemdsplan blir forlenga til ut 2021. Styret inviterer til medlemsmøte

for å diskutere strategiske val hausten 2020, så sant ny Vaksenopplæringslov og nye forskrifter er kjend.

## Sak 6 Budsjett 2021

Saka vart presentert av styremedlem Asbjørn Hjertvik.

Desse hadde ordet: Marit Jacobsen og Solveig Torgersen Grinder

### Samrøystes vedtak:

Styret sitt framlegg til budsjett 2021, med kompetansehevingstilskot til medlemsorganisasjonane på kr 1.476.469 er godkjent.

## Sak 7 Innkomne saker

Saka vart presentert av styreleiar Eli Ulvestad.

Desse hadde ordet: Irene Nordhaug Hansen, Solveig Torgersen Grinder og Kjærsti Gangsø,

### Samrøystes vedtak:

1. Forslaget om instruktøropplæring blir oversendt styret.
2. Forslaget om organisasjonsopplæring blir oversendt styret.
3. Forslaget om rekrutteringsstrategi blir ikkje vedteke.
4. Årsmøtet ser det ikkje som Studieforbundet si rolle å arbeide for ei tydelegare oppgåvefordeling eller støtteordning på amatørteaterfeltet.
5. Forslaget om å endre vedtektene §4 pkt 2 fordeling av stemmerett blir avvist.

## Sak 8 Val

Ingen frå valkomiteen deltok på møtet. Møteleiar presenterte framlegget og dei styremedlemmene som var på val presenterte seg sjølve.

Desse vart valt:

Leiar	Eli Ulvestad	Noregs Ungdomslag	Vald til 2021
Nestleiar	Marit Jacobsen	Norges Husflidslag	Vald for to år, til 2022
Styremedlem	Joachim Svendsrød	Frilynt Norge	Vald for to år, til 2022
Styremedlem	Anne Lise Olsen	Norsk amatørteaterforbund	Attval for to år, til 2022
Styremedlem	Asbjørn Hjertvik	Seniordans Norge	Vald til 2021
Styremedlem	Linda Thiis	Norges Husflidslag	Vald til 2021
Styremedlem	Anne Schiøtz	Slekt og data	Vald til 2021
1 vara	Kai Roger Vatne	Noregs Ungdomslag	Attval for eit år, til 2021
2 vara	Jorunn Henriksen	Norges Bygdekvinnelag	Vald for eit år, til 2021

### Revisor:

Steinar Nilson, Nilson Revisjonskontor attval 1 år/vald til 2021.

### Valkomite:

Norges Husflidslag


vald til 2021 (ikkje på val)

Slekt og data

vald til 2022 (ikkje på val)

Norges Bygdekvinnelag

vald til 2023 (ny)

  
Bjørg Schultz, ref



Torbjørn Bergwitz Lauen



Randi A. Grønbakken